



Geir Ove Vedo finstiller sikten - skytebaneleiar Kjell Magne Aambo kan trygt slå fast at luftgeværskyting er populært både blant store og små.



- Trekk inn magen, karar, kjem det kjøpt frå dagens heitaste - Anders Sunde, Stein Eric Solevåg, Odd Lervåg, Karl-Petter Lovøll og Dag Rutledal.



Stine Solheim og Helga Tørkelsen er i full gang med å lage sukkerspinn til Alce Solheim Walderhaug, Amalie Sunde Sivertsvik og Julie Vedlog Bjervevåg.



Elsa Synnes, Vilde Synnes Berg, Johan Molvær og Elias Synnes er i full gang med tombolaen.



For eit kakebord! Her er dei Geir Atle Måseidvåg og Magnus Reksten som får smilande servering frå Åshild Eikrem, Kari Elise Lillebø og Trude Tynes Sunde.



Arrangørane i Solevåg skulekorps og Musikklaget Ekko ga oss flott musikk.



Peder Andreas Rutledal og Eskil Heen Radå gledde seg til Glå dag.



Fengjande dans frå Marie Båtnes, Pia Berg Hellebust og Karen Sunde Brynildsrud.



Spjelkavik drillklubb imponerte med både elegant dans og hage kast.



Mathea Dybvikstrand, Linnea Keeny og Hermine Vegsund Urvik med fargar og glitter på ein glitrande fin Glå dag.

Gladag – godt for humøret

Ute høya det ned, men inne i hallen var det høg stemning.

- Det beste med Gladagen? Det er fellesskapet, det å få vere med korpset og vener. Leikane brukar også å vere bra, seier Peder Andreas Rutledal og Eskil Heen Radå. Saman med resten av Pros-Ekko, som er eit samarbeid mellom dei eldste i skulekorpset og dei yngste i Musikklaget Ekko, har dei akkurat sora for ei flott musikkopning av Gladagen. Tonar frå både Vaiana og Star Wars fylte Solevågshallen

- til velfortent applaus frå bygdefolket - Det er kjekt å spele og vi får prøve oss på mykje kul musikk, slår gutane fast. - Vi har seilt fire bøtter så langt, fortel ungdomane. Vinnarlykka ser også ut til å vere stor.

GODE GEVINSTAR

Spaninga stig ved bordet til Elsa Synnes, Vilde Synnes Berg, Johan Molvær og Elias. Dei er nemleg i full gang med

å rulle opp tombolalappar. Det blir mange rundar bort til loddsejarane, Andrea Sunde, Samson Meling og Lauritz Sunde, denne dagen. - Vi har seilt fire bøtter så langt, fortel ungdomane. Vinnarlykka ser også ut til å vere stor. Dei som vil vere sikre god gevinst, tek også ein tur bortom det store kakebordet. Der møter vi på Geir Atle Måseidvåg og Magnus Reksten, som får smilande

servering frå Åshild Eikrem, Kari Elise Lillebø og Trude Tynes Sunde. Og her er mykje godt å finne denne dagen.

RYKJANDE HEITE

- Trekk inn magane, karar, kjem det kjøpt frå det som må vere dei heitaste mannfolka på Gladagen dette året. Kven dei er? Anders Sunde, Stein Eric Solevåg, Odd Lervåg, Karl-Petter Lovøll og Dag Rutledal, sjølvsagt. Her er det visstnok lov å ta seg fleire turar! Elles gjer veret at uteaktivitetane er noko begrensa

dette året. Men luftgeværskyting, det høyrer med! Akkurat då Sulaposten var borte, var det Geir Ove Vedo som finstille sikten.

«Skytebaneleiar» Kjell Magne Aambo fortel at luftgevær har vorte ein treffsikker suksess, både på nasjonaldagar og gladagar.

dele året. Men luftgeværskyting, det høyrer med! Akkurat då Sulaposten var borte, var det Geir Ove Vedo som finstille sikten.

SLO AN TONEN

Regnet trommar altså på taket i Solevågshallen – men jammen trommar det ikkje inne i hallen også. No er Solevåg skulekorps i full gang – og for eit trekk det kjem frå

trommerekka! Programmet på og ved den nye scena til Musikklaget Ekko er elles både rikholdig og variert. I tillegg til arrangørane i korpsa, fekk vi høyre musikkgruppa «Beating Starrise», med Lida Digeres, Jonas Halvorsen, Magnus Hjelte, Eivind Nossen og Ask Rangseter. Her var også både drill og dans. Utovarar frå Spjelkavik drillklubb testa ut takkagoda i hallen på svært så elegant vis – og her vart det høve for fleire til å prøve seg med drillstaven. Litt seinare sarga Marie Båtnes, Pia Berg Helle-

”

Det beste med Gladagen? Det er fellesskapet, det å få vere med korpset og vener. Leikane brukar også å vere bra.

bust og Karen Sunde Brynildsrud for at det nok var fleire som fekk lyst til å prøve dansen også. Det ungdomane frå Sula danseklubb viste held høgt, høgt nivå.

VÅRENS VAKRASTE?

I eit rolig hjørne av Solevågshallen sit Yvonne Solevåg i djup konsentrasjon. Med stordig hand er ho i full gang med å ansiktsmale Mathea Dybvikstrand, Linnea Keeny og

Hermine Vegsund Urvik følgjer spent med. Snart spring dei rundt, alle tre, med fargar og glitter – og store smil. Akkurat slik det skal vere på ein Glå dag!

Konferansier Gunn Bente Solevåg har all grunn til å vere fornøgd der ho kikar ut over den flotte forsamlinga. Regnvar er inga hindring, når ein har hallen så lett tilgjengeleg. Og folk ser ut til å storkose seg med aktivitetar,

underhaldning og triveleg prat kring borda.

Snart er her også jubileum på gang.

- Med unntak av to års pandemipause, har vi arrangert kvart år sidan 1994. Neste år er det altså trettiande gong!

Det ser ut til å bli mange, mange fleire.